

Til
Lokalforeiningar og lokalråd,
distriktsstyret, distriktsråda,
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 11. februar 2022

INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2022; 1. – 3. april i Sogndal

Viser til tidlegare annonsering i Agenda med innkalling til årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 2022. Årsmøtet vert halde på Quality Sogndal Hotell. Valmøta til distriktsråd for omsorg og for hjelpekorps, og møta for ungdommen og for lokalforeiningane vert laurdag 2. april før lunsj. Sjølve distriktsårsmøtet startar same dag etter lunsj.

Tradisjonen tru vert det lagt opp til ein uformell start på årsmøtehelga med førkveld fredagen. Tanken bak desse førkveldane har vore å gje inspirasjon og noko til glede og ettertanke. I år er Henning Aarekol engasjert som kveikar, og arbeidstittelen for innlegget hans er «*Koffor sitte inne når alt håp er ute*».

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter fyller 30 år i 2022. Det er nokre år sidan tillitsvalde fekk orientering om status ved senteret, og årsmøtelyden vil difor få ei løypemelding frå jubilanten søndag morgon.

Dagsorden og saksdokument til distriktsårsmøtet vert sendt pr. e-post innan 12. mars til lokalforeiningane og lokalråda, og til delegatar og observatørar som då er påmeldt årsmøtet. Papirversjonen av saksdokumenta vert ettersendt til dei som vil ha dei i hende før årsmøtet. Alle saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg i papirform for alle som deltek på årsmøtet.

Påmelding til årsmøtet skjer ved å gå inn på denne [linken](#) og legge inn naudsynt informasjon. Påmeldingsfristen er søndag 13. mars.

Kvart lokalråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktsråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokalråd. Lokale ledd kan ha med observatørar til alle møte.

Distriktsstyret ber lokalforeiningane og avdelingane drøfte årsmøtesakene i sine styre, slik at alle er godt førebudde og deltek aktivt under årsmøteforhandlingane!

Hotellet har stadfesta at dei kan gjennomføre årsmøtet i samsvar med gjeldande reglar for smittevern, og at dei vil gjere tilpassingar ved endringar i retningslinene.

Avtalt pensjonspris med hotellet for buande gjestar (pr. person):

- fredag kveld (inkl. program og middag) - søndag (inkl. lunsj) i enkeltrom: kr. 2.900,-
- fredag kveld (inkl. program og middag) - søndag (inkl. lunsj) i dobbeltrom: kr. 2.300,-
- laurdag morgon (rundstykke ved ankomst) – søndag (inkl. lunsj) i enkeltrom: kr. 2.000,-
- laurdag morgon (rundstykke ved ankomst) – søndag (inkl. lunsj) i dobbeltrom: kr. 1.750,-

Prisar for ikkje buande (pr. person):

- Dagpakke laurdag med kaffipausar og lunsj kr. 500,-
- Dagpakke laurdag med kaffipausar, lunsj og festmiddag kr. 1050,-
- Dagpakke søndag med kaffipausar og lunsj kr. 500,-

Lokalforeiningane betalar for alle sine deltakarar samla (inkl. delegatar og observatørar frå lokalråd, avdelingar og grupper). Det vert sendt ut faktura etter avslutta årsmøte.

Distriktsstyret ser fram til eit aktivt og gjevande årsmøte, til beste for den einskilde deltakar og Røde Kors organisasjonen. Vi ynskjer gjester, representantar og observatørar hjarteleg velkomne til hyggelege årsmøtedagar i Sogndal.

Vel møtt!

Med helsing
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS

Synøve Sande/s
Distriktsleiar